

PreForm AS  
v/ Ingrid Hansen  
6963 Dale i Sunnfjord

Dale 30.01.18

Sogn og Fjordan Fylkeskommune  
Kultur og næringsavdelinga  
6800 Førde

## SØKNAD OM UTVIKLINGSMIDLAR – KULTUR OG NÆRING

Søknadsum: 1.400.000,- over 3 år.

Vi viser til tidlegare drøftingar om saka i møter, telefonsamtalar og gjennom tilsende dokument.

### 1. Bakgrunn:

Kunstnarane i "Fjalermiljøet" treng ein motor som kan vidareutvikle og samordne kulturnæringa i Fjaler. Vi har etablert selskapet Preform AS som skal vere ein ressurs i dette arbeidet. I tillegg til å yte rådgiving og tenester til næringa skal selskapet arbeide med langsiktige strukturar som sikrar vidare drift og utvikling.

"Fjalermiljøet" er eit lite men høgst profesjonelt kunstfagleg miljø med base i Fjaler. Vi har på tross av manglande infrastruktur og "lokalisering på bygda" vist stor grad av gjennomføringsevne som feks utviklinga av Teaterfestivalen i Fjaler.

Preform AS bygger på erfaringar frå prosjektet Prefom som vart avslutta i 2014.

*Frå vedtektene:*

*Selskapet skal yte rådgjeving til kunst/kulturprodusentar og den kreative næringa i Fjaler Kommune og nærområda, herunder sikre at profesjonelle kunstnarar får stilt til rådvelde lokale for kunstproduksjon og kunstnarleg utvikling, samt medverke til å utvikle, profesjonalisere og auke kvalitet på kulturprodukta i Fjaler kommune.*

Selskapet har eit arbeidande styre. Arild Hartmann Eriksen - direktør Nordisk Kunstnarsenter Dale , Torkil Sandsund – scenekunstnar/ regissør og Ingrid Hansen – prosjektutvikling / produsent.

### 2. Ny situasjon

Preform AS er i ein ny situasjon der Fjaler kommune har endra føresetnadane for produksjonslokale for kulturnæringa.

I staden for å bruke bygget Transplant har kommunen kjøpt eit bygg midt i sentrum som skal fungere som fleirbrukshus med plass til bibliotek, tilbod til ungdom, plass til scene og amfi med faste installasjonar til lys og lyd. Kommunen overtok bygget 1. januar 2018.

Funksjonane som var planlagt i Transplant skal overførast til dette bygget.

Preform AS har spelt inn dette behovet til kommunen i samband med det nye bygget:

1. Prøvelokale for scenekunst
2. Kontorarbeidsplasser til dagleg bruk og prosjektarbeidsplasser.
3. Lydstudio – podcast/ radioproduksjon, voiceover film, opptak scenekunstproduksjonar og musikk
4. Prosjektrom / whitebox

5. Verkstad
6. Lager

Dette er ein heilt ny situasjon for oss som krev eit ny måte å tenke på der vi i større grad er avhengig av samarbeid med kommunen sine aktivitetar og andre brukarar av bygget. Dette er også ein ny situasjon for kommunen som nettopp har sett av ressursar til vidare arbeid med huset og er i startfasen på idéutvikling og venter på politiske avklaringar for nærare rammer for innhald i bygget.

Tidsramme for kommunen sitt arbeid:

Første utkast til prosjektplan feb.18

Ombyggingstart: nov 18.

Ferdigstilling: mars /april 19.

Preform AS har hatt 2 styremøter og eit nettverksmøte om dei endra planane.

Arbeidet dei neste tre åra er avhengig av kva avtalar vi får med Fjaler kommune og korleis bygget vert utvikla. Styret i Preform AS er representert i prosjektgruppa.

Preform AS har fått midlar frå Norsk Kulturråd – *Regional bransjeutvikling* med kr 150.000 fordelt over 3 år. Midlane vert gitt til strategi og konseptutvikling + nettverksmøter og seminar. Tildelinga var mindre enn omsøkt.

### 3. Arbeidet framover

På grunn av endringane i Fjaler kommune sine prioriteringar og redusert tildeling av støtte fra Regional Bransjeutvikling må vi tenke nytt med omsyn til prioritering av arbeidsoppgåver og innhald.

Vi har ein stor jobb framfor oss med utvikling av bygget og selskapet.

2018 - 2019

- Deltaking i prosjektgruppe - utvikling av bygget.
- Arbeide med innhald og finansiering av produksjonslokala.
- Ombygging
- Arbeide med strategi og konseptutvikling for Preform AS
- Utvikle driftsmodell for bygget - og samarbeidet med Fjaler kommune.
- Følge opp kartlegginga frå januar 2017 og arbeide vidare med lokale og eksterne nettverk med tanke på lokal produksjon og for å fylla bygget med aktivitet frå 2019
- Seminar og nettverksmøter
- Dageleg drift av selskapet i tråd med vedtektene.

2019 – 2020

- Dageleg drift av selskapet i tråd med vedtektene
- Følge opp og utvikle prosjekt og initiere nye i samarbeid med eigarar/ samarbeidspartar.
- Utprøving av driftsmodell vurdering av framtidig drift i tråd med vedtekter.
- Finansiering av framtidig drift.

### 4. Ressursar / organisering

Den kreative næringa i Fjaler og regionen er eit lite men høgst profesjonelt kunstfagleg miljø. Vi er lokalisert på bygda utanfor dei store byane der vi finn storparten av aktørane i dette fagfeltet. I det kommunale prosjektet Preform vart det lagt vekt på å bruke kunstnarane sin kompetanse ein «kunstnarbase».

Vi tek desse tankane med oss vidare i utviklinga av Preform AS og engasjerer kunstnarar som rådgjevarar og utviklarar av miljøet og enkeltbedriftene.

I dag har Preform AS eit arbeidande styre der styreleiar også fungerer som dagleg leiar. Vi arbeider vidare med å utvikle ein driftsmodell der vi i tillegg til å ta i bruk kunstnarane sin kompetanse også sikrar kontinuitet og framdrift gjennom ei delstilling som dagleg leiar. Framtidig organisering og stillingsstorleik er avhengig av finansiering og avtalen med Fjaler kommune.

#### **Dagleg leiar:**

Oppgåvene er mange men vi ser at det i første omgang vert vanskeleg å finansiere ei 100% stilling sjølv om arbeidsinnhaldet skulle tilseie det.

Prioriterte oppgåver i tillegg til dagleg drift i tråd med vedtektene i 2018 og 2019

- Strategi, konseptutvikling for selskapet. Driftsmodell i samarbeid med Fjaler kommune.
- Kartlegging og vidare arbeid med lokale og eksterne nettverk med tanke på lokal produksjon og kalender for 2019 inkl nettverksmøter
- Samarbeid med «kunstnerbase»: Innhald og finansiering av produksjonslokale

#### **Kunstarbase:**

- Deltaking i prosjektgruppe – utvikling av bygget.
- Seminar – workshop
- Kalender for 2019
- Delta i dagleg drift i tråd med vedtektene i enkeltprosjekt etter avtale.

## 5. Selskapet sin økonomi

#### **Inntekter:**

Vi viser til vedlagde budsjett for 3 års perioden.

Den nye situasjon gjer at verken vi eller Fjaler kommune er i posisjon til å inngå nærare avtalar om fordeling av oppgåver og drift av huset eller husleige. Vi har heller ikkje kalkyler som viser byggekostnader eller fordeling av desse.

Som det går fram av vedlagde framdriftsplan søker Preform AS Norsk Kulturråd si støtteordning Rom for Kunst i mai og desember 2018 og vil arbeide med å finne andre finansieringsordningar.

Preform AS er eit utviklingsselskap og skal bygge opp ein langsiktig infrastruktur og arbeide med vidareutvikling av næringa – altså enkeltbedriftene i regionen.

Selskapet vil vere avhengig av ekstern finansiering og er i ein utviklingsfase men kan på sikt ha potensiale for eigne inntekter:

#### **5.1 Utleige:**

Vi ynskjer å gå inn i ein avtale om langtidsleige for kunstproduksjonslokala i bygget og ha ansvar drift, innhald og utvikling av desse. Dette gjeld også booking og utleige.

På sikt vil dette gje inntekter til selskapet.

#### **5.2 Utviklingsarbeid og rådgjevingstenester:**

Det er viktig at Preform AS ikkje vert ein aktør i konkurranse med enkeltbedriftene men skal samordne og utvikle miljøet.

Den vidare kartlegginga vil vise kva dei lokale bedriftene har behov for. Her vil vi også sjå på lokale organisasjonar og kommunale verksemdar som kulturskolen, ungdomssatsinga til kommunen m fl. som kan ha nytte av å samarbeide og kjøpe tenester av bedriftene og evt. Preform AS. I utviklingsfasen må vi definere kva som er innanfor selskapet sitt verkeområde og kva tenester som kan fakturerast.

Andre kundegrupper er eksterne bedrifter, organisasjonar m.m som vil legge sin aktivitet til Fjaler og regionen.

Desse kan vere interessert i tenester som feks samordning, rådgjeving og utviklingsarbeid som ikkje vert naturleg for bedriftene å ha ansvar for. Eksempel: samarbeid med Kunsthøgskulen i Oslo, Dramatikkens Hus, Gjestekunstnarordninga, private produksjonsselskap m.m.

Produksjonsmiljøet i Fjaler har allereie eit godt omdømme og vi har også kontakt med andre aktørar som ynskjer å utvikle eigne prosjekt og kan ha bruk for vår kompetanse men har eigen finansiering. For Preform vert dette truleg ei samordnings - koordineringsoppgåve der ein involverer kunstnarane det vidare arbeidet. Det er viktig å ta dette med i det vidare kartleggingsarbeidet og sjå på potensialet på sal av tenester.

### **5.3 Eksterne prosjekt:**

Preform AS kan også stå som søker til eigne prosjekt med ekstern finansiering.

### **5.4 Medlemskap:**

Vi må vurdere dette i det vidare utviklingsarbeidet av selskapet – men i eit så lite miljø er det meir ei prinsipiell sak enn grunnlag for inntekter.

### **Utgifter:**

Fram til vi har fått betre oversikt over avtaler og kalkyler for bygget har vi lagt dette til grunn i budsjettet for 3 års perioden:

### **5.5 Dagleg leiing / kunstnarbase:**

Vi vel å ikkje tilsette dagleg leiar i ein fast stillingsstorleik i oppstartsfasen og styre fastset løn/honorar etter nærare avtale. Vi har som mål å tilsette dagleg leiar i delstilling frå 2019 når vi har fått betre oversikt over situasjonen.

### **5.6 Strategi og konseptutvikling:**

Styret fastset løn /honorar etter avtale og kan leige inn ekstern kompetanse om nødvendig.

### **5.7 Styrehonorar**

Styret må halde fram med å vere eit arbeidande styre i oppbyggingsprosessen.

### **5.8. Husleige m.m**

Preform AS vil forhandle fram ein så god avtale som mogeleg for kunstnarane og har som mål å ta ansvar for finansiering av innhald i produksjonslokala. Vi håper dette kan føre til ein avtale med Fjaler kommune som gir Preform AS disposisjonsrett til lokala. Det er heller ikkje avklart kva rolle Preform AS skal ha i huset med omsyn til dagleg drift, sambruk av lokala, kontorfellesskap m.m.

Vi viser elles til merknader i vedlagde budsjettet.

### **Til slutt:**

Fylkeskommunen kjenner godt til arbeidet til Preform AS og har vore med i arbeidsgruppa som utvikla selskapet. Vi viser også til brev frå fylkesdirektøren dat 27.01.2017.

Preform AS er i ein ny situasjon og ser fram til eit nærare samarbeid med Fjaler kommune i denne prosessen.

Preform AS

Ingrid Hansen  
Styreleiar

**Nye vedlegg:**

*Framdriftsplan og budsjett for perioden 2018 til 2020 – (same dokument)*

**Andre vedlegg:**

*Vedtekter Preform AS*

*Kartlegging jan 2017*

*Årsrekneskap Preform AS 2016*

*Uttale Fjaler kommune*

*Uttale Sogn og Fjordane Fylkeskommune*

*Sluttrapport frå prosjektet Preform.*

*Tilråding scenekunst – prosjektet Preform*